



Arkivnr: 2018/11351-3

Saksbehandlar: Johan J Meyer

Saksframlegg

Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		12.06.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Tilsetjingssak – konstituering av fylkesrådmann

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 31. mai 2018:

1. «Hordaland fylkeskommune gjennomfører tilsetningsprosess for å konstituere fylkesrådmann for den avgrensa tidsperioden 14. juni 2018 og fram til og med 31. desember 2019. Prosessen gjennomførast etter intern utlysing.
2. Til denne rekrutteringsprosessen nemner fylkesutvalet opp eit eige tilsetningsutval, beståande av fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren, gruppeleiar for Høgre og ein representant frå arbeidstakarorganisasjonane.
3. Innstillinga frå tilsetningsutvalet vert lagt fram for fylkestinget 13. juni 2018.»

Fylkesrådmann Rune Haugsdal vart i fellesnemnda sitt møte 4. mai i år tilsett som prosjektleiar og komande fylkesrådmann for det nye storfylket på vestlandet. Haugsdal vil tiltre den nye stillinga som prosjektleiar straks etter at fylkestingets møte 12. og 13. juni i år er avvikla. Fylkesordføraren ba om ei vurdering av om det var mogeleg å gjennomføre ei rask tilsetningsprosess med grunnlag i den særlege situasjonen Hordaland fylkeskommune er i, med store omstillingsprosessar og til slutt med avvikling allereie 31. desember 2019. Notat frå advokatfirmaet Thommessens datert 15. mai 2018 er lagt ved saka. Sjå vidare notatet frå fylkesordføraren til fylkesutvalet datert 28. mai. På bakgrunn av konklusjonane i notatet frå Thommessen vart det straks laga til intern utlysing der stillinga som kst. fylkesrådmann vart lyft ut på intranettet den 16. mai. Frist for å melde si interesse var den 25. mai.

Det melde seg ein søker til stillinga: fylkesdirektør for økonomi og organisasjon, Ingrid Kristine Holm Svendsen.

Tilsetningsutvalet gjennomførte intervju med søker Ingrid Kristine Holm Svendsen mandag 4. juni i år. På bakgrunn av intervjuet var det semje i tilsetningsutvalet om innstillinga.

Tilsetningsutvalet sitt forslag til innstilling

1. Ingrid Kristine Holm Svendsen vert konstituert i stillinga som fylkesrådmann for perioden frå og med 14. juni 2018 til og fram til og med 31. desember 2019.
2. Fylkestinget delegerer fullmakt til varafylkesordførar Pål Kårbo og gruppeleiar Silja Bjørkly å gjere avtale om løn og andre vilkår for stillinga.

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Notat til FU
- 2 Notat frå Thommessen 15. mai